



Kor mykje tåler fylkesvegen? Det var eit springande punkt for politikarane i forvaltningskomiteen. Her tek vegen av inn til sandtaket frå fylkesvegen. (foto: Ola Matti Mathisen).

Også trafikk-tilhøva bør utgreiast i samband med den forenkla konsekvensutgreiinga som no skal gjennomførast for sandtakprosjektet til Trond H. Myklebust. Det meiner politikarane i forvaltningskomiteen etter å ha køyrt vegen fram til området onsdag føremiddag.

Det var Jarle Mehammar (SV) som tok opp saka først. Han meinte at den auka trafikkbelastninga på ein dårleg vegen burde vera den største grunnen til bekymring i denne saka.

Komiteleiar Einar Saghaug (IP) meinte at ein bank i samband med eit prosjekt som dette ville ha forlangt ein forretningsplan og kom med eit reknestykke: Det kan bli aktuelt å ta ut så mykje som to millionar kubikkmeter sand på 20 år. Det er det same som 60 lastebillass eller 120 turar om dagen.

Og vegen er etter Saghaug si mening for svak til å ta tunge lastebilar. Difor bør også dei trafikale tilhøva vurderast i ei konsekvensutgreiing på like linje med slikt som elva, støy og støv, heldt han fram.

Endre Blokhus (FrP): - 60 lass på åtte timar er ein svær trafikk og det kan bli trong for å gjera noko med vegen. Men kor store lastebilar er det snakk om? Det er eit av spørsmåla vi bør få svar på.

Tove Lill Lakselv (Fr.P): - Hvis vi krev utgreiing også av det trafikale utset vi saka enda meir. Det er bortkasta med eit slikt tillegg – det gjer det berre enda vanskelegare for Myklebust.

Øyvind Hardeland (Ap) var i mot å sette ei gang ei kanskje daudfødt utgreiing som det ikkje var mogeleg å fylgja opp og Øyvind Utne (H) var einig i det. Han ville støtta ein som vil skapa noko og utnytta natur-ressursane - Det er ikkje så mykje nyskaping å finna på oppe i Uskedalen, meinte han og karakteriserte dette som eit positivt initiativ.

Saghaug presiserte at han ikkje var i mot tiltaket, men at han var oppteke av at det får dei rette dimensjonane. Hvis det viser seg at belastninga på vegen blir for stor, må Myklebust kanskje nøya seg med eit uttak på ein million kubikkmeter. Når ein får meir kunnskap om dei trafikale tilhøva, må han kanskje justera ned planane.

Etter ei utgreiing ved verksemdsleiar Tormod Fossheim om kva ei konsekvensutgreiing eigentleg inneber, var alle einige om at det burde inn i vedtaket eit tillegg om trafikktilhøva.

- Dette er tidleg i prosessen. Det er planprogrammet for ei konsekvensutgreiing som vi behandlar her i dag. Når utgreiinga med dei tema det er bedt om føreligg kjem turen til reguleringsplanen og så skal den i neste omgang ut på høring, forklara Fossheim.

Av Ola Matti Mathisen